



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Tenesteval for helse og omsorg  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda Rådhus  
**Dato:** 11.01.2018  
**Tid:** 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Konst. helse og omsorgssjef
Elin Høydal Vatne	Leiar rus- og psykiatritenesta, PS 3/18
Ingunn Gjengedal	Konst. ass. helse- og omsorgssjef
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef

Frå heimetenestene møtte: Vegar Batts, Monika Hovden og Karianne Orvik, OS 1/18

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 4/18	Orienteringssaker
OS 1/18	Orientering om drift og utfordringar i heimebaserte tenester



## VOLDA KOMMUNE

- OS 2/18      **Utgreiing om organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset**
- PS 3/18      **Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020**
- OS 3/18      **Universell utforming Volda legesenter**

### **PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Det var fire møtande ved møtestart.

#### **Innkalling:**

Ettersendte dokument 10.01.2018:

Vedlegg til PS 3/18: Bustadsosial handlingsplan 2017-2020.

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### **Sakliste:**

Hild Våge kom med framlegg om å flytte orienteringssakene til starten av møtet.

Dag Aarflot fekk permisjon kl. 16.00. Det var soleis 3 røysteføre att i møtet. Møtet vart avslutta fordi tenesteutvalet ikkje var vedtaksføre. Orienteringssakene OS 4/18 og OS 5/18 vert sett på saklista til neste møte den 22.02.2018

#### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endring frå Hild Våge, vart samrøystes godkjent.

### **PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 07.12.2017 vart samrøystes godkjent.



## **PS 4/18 Orienteringssaker**

### **OS 1/18 Orientering om drift og utfordringar i heimebaserte tenester**

Teamleiar for heimebasert omsorg, Vegar Batts, orienterte om;  
Dagsenteret for eldre, heimebaserte omsorg – utetenesta,

Sjukepleiar i heimetenestene, Monika Hovden, orienterte om kvardagsrehabilitering.

Ergoterapeut Karianne Orvik orienterte om demensteamet.

Tenesteutval for helse og omsorg kom med innspel og spørsmål til representantane frå heimetenestene undervegs i orienteringa.

### **OS 2/18 Utgreiing om organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset**

#### **Handsaming:**

Konst. helse og omsorgsjef, Svein Berg Rusten, og leiar for rus- og psykisk helseteneste, Elin Høydal Vatne, orienterte om saka.

Tenesteutval for helse og omsorg drøfta saka og kom med innspel til administrasjonen.

Tenesteutvalet vil få saka attende som ei politisk sak.

### **PS 3/18 Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 - 2020**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.*

#### **Handsaming:**

Vedlegg: Bustadsosial handlingsplan 2017-2020 vart ettersendt 10.01.2018.

Leiar for rus- og psykisk helseteneste, Elin Høydal Vatne, orienterte.

Hild Våge kom med slikt endringsframlegg:

*Retningsgivande vert endra til styrande.*

Hild Våge trekte framlegget sitt.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Tenesteutval for helse og omsorg - 11.01.2018:**

*Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.*

### **OS 3/18 Universell utforming Volda legesenter**

Konst. helse- og omsorgssjef Svein Berg Rusten informerte om at det er gjort utbetringar i høve universell utforming på legesenteret og at råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne er informert om dette.

Dag Aarflot fekk permisjon kl. 16.00. Møtet vart avslutta, fordi tenesteutvalet ikkje lenger var vedtaksføre.

Møtet slutt kl. 16.00

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
12.01.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent